

Borgarundersøkinga

Kinn kommune

Om undersøkinga



FØREMÅL

På oppdrag for Kinn kommune har Sentio gjennomført borgarundersøkinga i Kinn. Føremålet med undersøkinga er å kartlegge innbyggjaranes tilfredsheit med kommunen og kommunens tenester, samt måle om Kinn er ein god kommune å bu og leve i. Same undersøking ble gjennomført i 2023, 2024 og 2025. Resultata i rapporten samanliknast med 2025- og 2024-resultatene.



UTVAL OG METODE

Undersøkinga er gjennomført blant et tilfeldig utval som består av 1323 innbyggjarar i Kinn kommune, alle i alderen 18 år og eldre. Resultata er vekta på kjønn og alder, slik at utvalet best mogleg skal gjenspeile fordelinga på kjønn og alder i befolkninga (også kjent som populasjonen) i Kinn kommune. Intervjua er gjennomført på respondentens telefon etter invitasjon på SMS. Deltakarane svarte på undersøkinga i perioden frå 24.02.2026-11.02.2026.



TESTING AV SIGNIFIKANS

Det er gjennomført signifikanstesting av skilnadar mellom resultata til Kinn i tidlegare år, samt skilnadar mellom Kinn 2026 og gjennomsnittet for kommunar med 10.000-20.000 innbyggjarar, og totalgjennomsnittet for norske kommunar. Hensikten med denne testen er å undersøke om resultata til ei undergruppe er forskjellige frå motsatsen (alle de som ikkje tilhøyrar same kategori). For eksempel om innbyggjarane i Kinn under 30 år svarer annleis frå dei som ikkje er under 30 år i Kinn, eller om det er signifikant skilnad mellom svara til Kinn i 2026 og svara til like store kommunar. Signifikanstestinga gjerast for kvart spørsmål, og skilnaden som er naudsynt for at noko markerast som signifikant, kan variere mellom spørsmåla. Ein skilnad på 3 kan være signifikant i eitt spørsmål, men ikkje i et anna eit, då slingringsmonnen er ulikt på ulike spørsmål. Dersom ein skilnad er statistisk signifikant, kan vi med 95 prosent sikkerheit hevde den er reell og ikkje skuldast tilfeldigheter i utvalet.

Presentasjon av resultater



PRESENTASJON AV RESULTAT

I undersøkinga har respondentane vurdert ulike områder knyta til Kinn kommune på en skala frå 1 til 5, for eksempel frå 1 - «Svært misnøgd» til 5 - «Svært nøgd». I denne rapporten er svara koda om til standardiserte gjennomsnitt på ein skala frå 0 til 100, der 0 er det dårlegaste resultatet og 100 er det beste resultatet. Hensikten med dette er å forenkle tolkinga av resultata, blant anna når ein samanliknar resultata til ulike grupper. Sjå lysbilete «Borgarmodellen» for ein forklaring av måla i undersøkinga og tolking av resultata.



LESERETTLEIING

Kinn kommunes resultat i 2026 presenterast med **feit skrift**. Når resultat presenterast som lågare eller høgare, er det statistisk signifikant lågare eller høgare. Om resultat er tilsvarande, betyr det at det ikkje er signifikante skilnadar. Sjølv om det kan være ein skilnad i skår, er ikkje denne skilnaden stor nok til å være statistisk signifikant.

Presentasjon av resultater

	Svært misnøgd	2	3	4	Svært nøgd	Veit ikkje
Opprinnelig verdi	1	2	3	4	5	6
Omkoda verdi	0	25	50	75	100	Kodes ut


I rapporten presenterast resultata som **standardiserte gjennomsnitt (snittskårar)**. Tabellen over viser eit eksempel på en slik omkoding, der 0 er «Svært misnøgd» og 100 er «Svært nøgd». «Veit ikkje»-svar er koda ut. Når «Veit ikkje»-svar er koda ut, viser snittskåren resultatet blant dei som har tatt stilling til spørsmåla. Bruk av slike snittskårar gjer det derfor ofte enklare å samanlikne resultat på tvers av undergrupper og å tolke resultat over tid. Tolkninga må gjerast med varsemd om «Veit ikkje»-andelane er store.

Når en snakkar om omdøme, tilfredsheit eller tillit, kan man som en generell regel tolke skårar på 80 og høgare som framifrå resultat, skårar mellom 70 og 79 som gode resultat og skårar mellom 60 og 69 som nokså gode resultat. Skårer mellom 50 og 59 vitnar om middels resultat, medan skårar under 50 som regel tyder svake/dårlege resultat. Skårane må tolkast med noko skjønn og i samanheng med kvarandre. Det å samanlikne dei ulike skårane med kvarandre, kan gje eit godt bilete på kva slags område kommunen gjer det bra på, og kva slags område det er eit forbedringspotensial. Tabellen under viser eit eksempel på tolking av skårane.


Snittskår	80 og over	70–79	60–69	50–59	40–49	Under 40
Tolking av resultatene	Framifrå	Godt	Nokså godt	Middels	Svakt	Dårlig

Feilmarginer ved fordelinger

- I alle utvalsundersøkingar må ein operere med feilmargar for fordelingar (ved prosentuering). Storleiken på feilmarginen avhenger av utvalets storleik, og av resultatet i utvalet. Jo nærare 50 prosent ein prosentandel er, desto større feilmargin må ein rekne med.
- Utvalet i denne undersøkinga består av 1323 respondentar, og feilmarginane varierer frå $\pm 1,6$ prosentpoeng ved en 10/90-fordeling til $\pm 2,7$ prosentpoeng ved en 50/50-fordeling. Eksempel: Om 50 prosent av respondentane svarer at dei har et godt inntrykk av kommunen, kan vi med 95 prosent sikkerheit hevde at den reelle andelen i populasjonen ligger mellom 47,3 og 52,7 % .
- Om resultatet brytast ned på undergrupper (f.eks. kjønn eller aldersgruppe), får vi større feilmargar sidan antalet svar per undergruppe er lågare enn i utvalet totalt.
- Figuren viser korleis feilmarginane utviklar seg ved ulike utvalsstorleikar og fordelingar.



Borgermodellen



HOVUDMÅL

Hovudmåla i borgarundersøkinga er **Borgarskåren** og dei to samlemåla **Tenestetilfredsheit** og **Omdøme**.

INDEKSAR

Dei fem indeksane er satt saman av spørsmålssgrupper som dekker underliggjande tema.

- Spørsmåla i indeksane **Kommunale tenester** og **Tilbod og moglegheiter** utdjupar **Samlemål 1: Tenestetilfredsheit**.
- Spørsmåla i indeksane **Tilbod og moglegheiter**, **Tryggleik i kvardagen**, **Demokrati** og **Kommunen som organisasjon** utdjupar **Samlemål 2: Omdøme**.

KONTROLLMÅL


Tilknyting og tilhøyrslse er eit mål som handlar om innbyggjaranes kjensle av tilknyting og tilhøyrslse til kommunen, men vi spør og om deira tilknyting til lokalsamfunnet. I tillegg har vi spurt om dei ville anbefalt kommunen som bustad, og om de ser føre seg å bu i kommunen om fem år.

RESULTAT


Resultata visast som standardiserte gjennomsnitt, der 0 er dårlegaste skår og 100 er beste skår. «Veit ikkje»-svara er tatt vekk. Til venstre ser ein korleis ein kan tolke skårane. Merk at dette er ein rettleiande tolking.

Kinn kommunes resultat i 2026 presenterast med **feit skrift**. Når resultat presenterast som lågare eller høgare, er det statistisk signifikant lågare eller høgare. Om resultat er tilsvarande, betyr det at det ikkje er signifikante skilnadar: Sjølv om det kan være en skilnad i skår, er ikkje skilnaden stor nok til å være statistisk signifikant.

Om respondentane




Om respondentane




01

Oppsummering

Oppsummering




- Samanlikna med dei tidlegare åra gjer Kinn det sterkt. Borgarskåren, som viser kor nøgd ein er med kommunen som ein stad å bu og leve, er tilsvarande som dei førre gongane, medan det samla inntrykket av tenestene i kommunen og omdømet til kommunen har auka sidan 2024. Inntrykket av kommunen generelt sett (samlemål 2: Omdøme), har og auka signifikant frå i fjor.
- Samanlikna med 2024 gjer Kinn det i år betre på demokrati (**37**, mot 33), kor sannsynleg det er at ein vil anbefale kommunen som bustad (**61**, mot 56), tilknytting til kommunen (**73**, mot 69) og kor sannsynleg det er at ein bur i kommunen om 5 år (**83**, mot 77).
- Fleire av desse måla reknast saman til eit nytt mål, samla kommunevurdering, der vi får eit totalinntrykk av korleis kommunen gjer det på fleire hold. Her får Kinn i år ein skår på **65**, signifikant høgare enn i 2024 (62), men tilsvarande som i 2025 (64). Dette viser at Kinn er i ei oppsving, der utviklinga ikkje var så synleg i 2025, men samanlikna med 2024 er det tydeleg på fleire punkt.



02


Hovudmål – Utvikling over tid

Hovudmål




- Figuren til venstre viser at utviklinga har vore nokså stabilt positiv over tid i Kinn på hovudmåla.
- Merk at aksen ikkje går frå 0 til 100, for å få fram utviklinga over tid.

Hovudmål



- Dei fleste av indeksane har vore stabile over tid, det er berre små skilnadar i perioden vi har målt desse temaa.
- Det kan vere vanskeleg å sjå nøyaktig kva slags linje som høyrer til kva slags tema, men om du er i PowerPoint-versjonen kan du trykke på figuren og deretter trykke på symbolet som ser ut som ein trakt. Her kan du velje dei temaa du er interessert i.
- Merk at aksen ikkje går frå 0 til 100, for å få fram utviklinga over tid.

Hovudmål




- Og her har det vore ein positivt utvikling over tid, unntatt for målet om kor sannsynleg det er ein trur det er at ein bur i kommunen om 5 år, som gjekk noko ned frå 2023 til 2024.
- Tilknytning til lokalsamfunnet kan og sjå ut til å ha stabilisert seg på 76-77.
- Merk at aksen ikkje går frå 0 til 100, for å få fram utviklinga over tid.

03


Tenester i kommunen

Tenester i kommunen



- Tenester i kommunen har ein samla vurdering på **58** av 100, tilsvarande som i fjor med 58 og året før, med 56.
- Inntrykket av renovasjonstenestene (**60**) har auka frå 2024 (53), men er tilsvarande som i 2025 (59).
- Inntrykket av tilrettelegginga for næringsutvikling har gått ned, frå 56 i 2025 og 55 i 2024 til **50** i 2026. Denne utviklinga er signifikant for både 2024 og 2025.
- Inntrykket av vegane i kommunen har auka frå 33 i 2024 til **37** i 2026. Omtrent tilsvarande som i fjor (36).

Tenester i kommunen




- Hovudmålet «Tenester i kommunen» viser det same som i førre lysbilette. Dette målet er rekna ut som gjennomsnittet av alle dei andre spørsmåla som handlar om tenester i kommunen.
- Inntrykket av barnehage tilbudet har gått ned frå 2024 og 2025 (68), til **61** i år. Dette er ein signifikant nedgang.
- Og her ser vi at det er signifikant positiv utvikling frå 2024, der inntrykket av fastlege- og legevaktordninga er betra seg frå 63 til **67**, og inntrykket av psykisk helse og rus er betra seg frå 45 til **49**. Begge desse resultata er tilsvarande som i fjor, men signifikant betre enn i 2024.

A photograph showing the underside of a car elevated on a red hydraulic lift in a garage. A person wearing a cap and gloves is working on the car's chassis. The scene is brightly lit, with light coming from the background. A dark blue curved overlay covers the bottom right portion of the image, containing text and a logo.

04


Tilbud og muligheder

Tilbod og moglegheiter



- På tilbod og moglegheiter-spørsmåla ser vi få skilnadar frå tidlegare år. Samla sett gjer det at gjennomsnittssvaret på kor tilfreds ein er med dei forskjellige tilboda og moglegheitene i Kinn summerast til 57 av 100. Dette er tilsvarande som dei tidlegare åra.
- På spørsmålet om moglegheita til å drive næringsverksemd, ser vi ein nedgang frå i fjor, frå 56 til **51** i år. Dette resultatet er tilsvarande som i 2024 (53).
- På spørsmåla om tilbod og moglegheiter har respondentane tatt stilling til kvart enkelt spørsmål med svarskaalen kor tilfreds ein er, frå svært misnøgd til svært nøgd. Når både kor nøgd ein er med moglegheita til å drive næringsverksemd og *inntrykket* av tilrettelegging for næringsverksemd har gått signifikant ned frå tidlegare målingar kan det vere noko som opptek respondentane i større grad enn tidlegare gjennomføringar.

Tilbod og moglegheiter




- Og her er det berre små skilnadar mellom åra.
- Tilfredsheita med kulturtilbodet er auka frå 58 i 2024 til **62** i år, ein statistisk signifikant auke.
- Vi ser at kvinner har eit betre inntrykk av tilbod og moglegheiter i Kinn på alle punkt unntatt utdanningstilbodet, kor menn har eit marginalt betre inntrykk. Skilnaden mellom menn og kvinners inntrykk er statistisk signifikant i 9 av 12 tilfelle.
- Og her ser vi at dei eldste er mest nøgd, der dei eldste har den høgaste skåren i 10 av 12 tilfelle og dei under 30 har den lågaste skåren i like mange tilfelle.

05

Tryggleik i kvardagen

Tryggleik i kvardagen




- Tryggleik i kvardagen har ein samla skår på **66** av 100, eit nokså godt resultat og tilsvarande som i 2025 og 2024 med hhv. 67 og 65.
- Samanlikna med i 2024, ser vi i år ein signifikant lågare skår på kor trygg ein føler seg på at kommunen har beredskap for å handtere krisesituasjonar. I år har respondentane svart til ein skår på **57**, signifikant lågare enn i 2024 då dei svarte til ein skår på 61. Samanlikna med 2025-resultatet er årets resultat tilsvarande (59).
- Den klart beste skåren er på tryggleik frå kriminalitet, ein fremragande skår på . Dette målet har Kinn gjort det godt på tidlegare, men i år er resultatet signifikant høgare enn i 2024 og tilsvarande som i fjor (83).



06

Demokrati

Demokrati




- Demokrati-spørsmåla er spørsmål som alltid får lågare resultat enn kva vi ser i andre deler av undersøkinga, uavhengig av om det er Kinn kommune eller ein vilkårleg anna kommune i Noreg. Desse spørsmåla er som hovudregel lågare enn dei andre spørsmåla i undersøkinga. For Kinn sin del så er dei lågare enn dei andre spørsmåla, men dei er likevel signifikant høgare enn resultata frå 2024.
- I 2024 svarte innbyggjarane til ein skår på 33 på politikaranes lytting til innbyggjarane, men i år er den auka til **37**. Dette er en statistisk signifikant auke.
- Og opplevinga av innverknad har hatt ei signifikant auke sidan 2024, frå 31 i 2024 til **36** i år.
- Samla sett gjer dette at gjennomsnittsmålet til Kinn på demokrati aukar signifikant, frå 33 til **37**.

07

Kommunen som organisasjon

Kommunen som organisasjon




- Kommunen som organisasjon handlar om inntrykket ein har av kommunen, samla sett. Vi spør respondentane om inntrykket deira på tre tema, frå samfunnsansvar og etikk til klima- og miljøtiltak og informasjon til innbyggjarane.
- I år har Kinn gjort det godt på inntrykket av kommunen som organisasjon. Samla sett har dette temaet blitt målt til **56** av 100, ein signifikant auke frå i 2024, då det var 53.
- Årsaka til den positive utviklinga er at inntrykket av samfunnsansvar og etikk i kommunen har gått opp frå 49 i 2024 til **53** i 2026. I tillegg har inntrykket av informasjon til innbyggjarane gått opp, frå 54 til **58**, frå 2024 til 2026. Begge desse resultatane er tilsvarande som i 2025.

08

Tilhøyre,
tilknytning og
samlemål


Tilhøyre, tilknyting og samlemål



- Den samla kommunevurderinga er eit samansett mål, laga av fleire av desse spørsmåla kombinert.
- Desse spørsmåla er blant dei viktigaste i undersøkinga, der det handlar om korleis innbyggjarane tenkjer om kommunen, tenestene kommunen leverer, inntrykket av bysentrum og kor tilknytt ein kjenner seg kommunen og lokalsamfunnet.
- Samla sett gjer altså Kinn det betre enn i 2024 – eit mønster me har sett fleire stadar i undersøkinga. Dette gjeld totalinntrykket av kommunen (Samlemål 2: Omdøme), frå 53 til **58**, tilfredsheita med tenestene samla sett (**56**, mot 53) og tilknyting til kommunen, **73**, mot 69 i 2024.
- Vi ser og at sentrumsattraktiviteten er noko lågare enn dei andre skårane her og noko lågare enn kva vi ser i like store kommunar og Noreg totalt.


09

Borgarkrysset




OM BORGARKRYSSET

- Tenestetilfredsheit og omdøme er mål på to sentrale område som har å gjere med korleis innbyggjarane opplever kommunen dei bur i – totalt sett. Begge måla har sterk samanheng med borgarskåren.
- Borgarkrysset er ei grafisk framstilling av dei to måla. Den vertikale aksa viser tenestetilfredsheit, og den horisontale aksa viser omdøme. Skårane visast som standardiserte gjennomsnitt der 0 er dårlegaste skår og 100 er beste skår.
- Resultatet for Kinn i 2026 visast med eit **blågrønt** kryss i midten av figuren. Der den horisontale og vertikale linjene møtes, er skårane til Kinn på samlemåla tenestetilfredsheit (**56**) og omdøme (**58**). Det **lysare** krysset viser resultatet for Kinn 2025.
- Grupper som plasserer seg oppe til høgre i figuren, skårar betre enn gjennomsnittet for kommunen, både på tenestetilfredsheit og omdøme. Grupper som er nede til venstre i figuren, skårar dårlegare enn gjennomsnittet i kommunen på dei to måla.
- Merk at figuren er zooma inn for å illustrere forskjellane mellom dei ulike gruppene.
- Inntrykket av tenestetilfredsheita er omtrent tilsvarande som vi ser i Nord-Noreg, men deretter er det noko avstand til dei andre landsdelane og det nasjonale snittet.



OM BORGARKRYSSET: KJØNN

- Figuren til venstre viser korleis menn og kvinner i Kinn plasserer seg på Borgarkrysset. Det **blågrøne** krysset i midten viser gjennomsnittet for befolkninga i Kinn kommune, uavhengig av kjønn og det **lysare** krysset viser resultatet for like store kommunar.
- Kvinner er både meir nøgd med tenestene i kommunen og har eit betre inntrykk av kommunen samla sett, enn kva mennene har. Jamt over er kvinnene meir nøgd med dei forskjellige tenestene i kommunen og samla sett gir kvinnene tenestene i kommunen ein skår på **62**, medan menn gir ein skår på **52**, signifikant lågare.
- Det er og ein stor skilnad i kor godt inntrykk ein har av kommunen samla sett (omdømme), der kvinner gir signifikant høgare skår enn kva menn gjer, med **63** mot **53**. Faktisk ser vi at kvinner har ein signifikant høgare skår enn menn på 2 av 3 spørsmål i undersøkinga, både inntrykk og tilfredsheit.
- Merk at figuren er zooma inn og at aksane er annleis enn førre figur for å illustrere forskjellane mellom dei ulike gruppene.




OM BORGARKRYSSET: Alder

- Figuren til venstre viser korleis ulike aldersgrupper i Kinn plasserer seg på Borgarkrysset. Det **blågrøne** krysset i midten viser gjennomsnittet for befolkninga i Kinn kommune, uavhengig av alder og det **lysare** krysset viser resultatet for like store kommunar.
- Vi ser ein tilnærma lineær samanheng med alder, jo eldre ein er, jo meir nøgd er ein med tenestene.
- Som i fjor er det og dei som er i aldersgruppa 30-39 som er minst nøgde, med tenestene og som har det dårlegaste inntrykket av kommunen (omdøme). Dei på 70 år og eldre er mest nøgd jamt over, der dei har høgast skår i 9 av 10 tilfelle.
- Merk at figuren er zooma inn og at aksane er annleis enn førre figur for å illustrere skilnadane mellom de ulike gruppene

10

Påverknadsfaktorer

Kva har påverknad på borgarskåren?



Viktige faktorar som bør styrkast:

Inntrykket av demokratiet i kommunen

Viktige faktorar som bør bevarast:

Inntrykket av kommunen (omdøme)
Tilfredsheit og inntrykk av tilbod og moglegheiter, samt tenester i kommunen

Faktorar som har påverknad på Borgarskåren

Figuren til venstre viser de faktorene som har størst påverknad på **Borgarskåren**. Påverknadskrafta finner vi ved å lete etter mønstre i svara på spørsmåla, og ser dei i samanheng med **Borgarskåren**.

Den loddrette aksene viser tilstand (gjennomsnittsskåren), og den vassrette aksene viser kor stor påverknad de ulike faktorene har på **Borgarskåren**. Desto lengre til høyre i figuren en faktor plasserer seg, desto viktigare er den med tanke på å oppnå en god **Borgarskår**.

Dei **blå** faktorene er indekser, satt saman av alle spørsmåla om det temaet, dei **grønne** er eit enkeltspørsmål og dei **lilla** er tilknytning og tilhørsele.


Kva bør prioriterast?

Høgaste prioritet bør være å styrke faktorar som plasserer seg nede og lengst til høgre i figuren. Faktorar som plasserer seg øvst til høgre, bør bevarast, og styrkast om mogleg. Faktorar som ikkje vises i figuren, er mindre viktige for **Borgarskåren** og kan prioriterast lågare.

Med en påverknadskraft på litt over 0,4 har omdømet størst påverknad på i kor stor grad ein synest Kinn er ein god plass å bu og leve, saman med inntrykket av tilbod og moglegheiter i kommunen og tenester i kommunen like etter. Samanlikna med dei andre faktorene er dette faktorene med klart størst påverknad.

Gjennomsnittsskår	Tolking av resultat (skårane)	Anbefalt tiltak
80 og over	Framifrå	Bevare
70–79	Godt	Bevare
60–69	Nokså godt	Styrkast om mogleg
50–59	Middels	Styrkast
40–49	Svakt	Styrkast
Under 40	Dårleg	Styrkast

Kva har påverknad på tenestetilfredsheit?




Viktige faktorar som bør styrkast:
Opplevinga av kor enkelt det er å kome i kontakt med kommunen
Inntrykket av helse- og omsorgstenestene

Viktige faktorar som bør bevarast:
Tilfredsheit med drikkevatnet
Inntrykket av fastlege- og legevaktordninga

- Figuren til venstre viser dei faktorane som har størst påverknad på **tenestetilfredsheiten**. Påverknadskrafta finner vi ved å leite etter mønster i svara på spørsmåla, og ser dei i samanheng med **tenestetilfredsheiten**. Tenestetilfredsheiten er samlemål 1, med spørsmålsformuleringen: «Kor nøgd totalt sett er du med dei kommunale tenestene i din kommune?». Tolkninga av figuren er elles lik som på førre side.
- Med en påverknadskraft på cirka 0,16 har kor enkelt det er å kome i kontakt med kommunen, samt inntrykket av helse og omsorgstenester størst påverknad på kor tilfreds ein er med tenestene i kommunen. Det er mogleg å styrke desse faktorane, men det er og viktig at dei ikkje reduserast. Om ein ikkje får styrka den bør ein arbeide for å bevare inntrykket av den.
- Dersom inntrykket av tenestene i figuren minskar, vil det og ha ein effekt på samla tenestetilfredsheit. Resultatet her viser kva som har størst effekt på tenestetilfredsheiten, men alle faktorane i figuren har ein effekt og eit enkeltresultat kan ikkje sjåast på eller arbeidast med åleine.

Gjennomsnittsskår	Tolkning av resultat (skårane)	Anbefalt tiltak
80 og over	Framifrå	Bevare
70–79	Godt	Bevare
60–69	Nokså godt	Styrkast om mogleg
50–59	Middels	Styrkast
40–49	Svakt	Styrkast
Under 40	Dårleg	Styrkast

Kva har påverknad på omdømet?



Viktige faktorar som bør styrkast:

Tillit til politikarane
Inntrykket av kommunen når det gjeld samfunnsansvar og etikk og informasjon til innbyggjarane

Viktige faktorar som bør bevarast:


Tilrettelegging for natur- og friluftsliv
Tryggleik frå kriminalitet
Tilrettelegging for natur- og friluftsliv

Faktorar som har påverknad på omdømet

- Figuren til venstre viser dei faktorane som har størst påverknad på **omdømet**. Påverknadskrafta finner vi ved å lete etter mønstre i svara på spørsmåla, og ser dei i samanheng med **omdømet**. Målet for omdømet er samlemål 2, med spørsmålsformuleringen: «Kor godt inntrykk har du totalt sett av din kommune?». Tolkinga av figuren er elles lik dei tidlegare sidene.
- Med en påverknadskraft på nesten 0,2 har tillit til politikarane størst påverknad, etterfølgd av inntrykket av kommunen når det gjeld samfunnsansvar og etikk og informasjon til innbyggjarane. Dette var tilsvarande mønster som i fjor. Deretter er det eit lite hopp før vi ser dei andre faktorane sin påverknadskraft. Det er svært mange faktorar som har ein målbar effekt på omdømet, og påverknadskrafta det visast til forutsett at dei andre faktorane ikkje reduserast. Politikaranes lytting til innbyggjarane har og ein påverknadskraft på 0,1, likt som inntrykket av handels- og servicetilbod. Men ettersom opplevinga av at politikarane lyttar kan auke frå ein tilstand på 37, har den mykje større potensiale for å påverke omdømet til kommunen, då den kan auke meir enn kva ein skår på 53 kan.
- I resultata ser vi at dei som svarer høgare på til dømes informasjon til innbyggjarane, også har eit betre inntrykk av kommunen totalt sett, enn kva dei som svarer lågare på informasjon til innbyggjarane har. Jo meir inntrykket av informasjon til innbyggjarane aukar, jo betre inntrykk har ein av kommunen. Slik antar vi at ein auke i ein faktor påverkar ein annan faktor, med 95 % sikkerheit.

Gjennomsnittsskår	Tolking av resultat (skårane)	Anbefalt tiltak
80 og over	Framifrå	Bevare
70–79	Godt	Bevare
60–69	Nokså godt	Styrkast om mogleg
50–59	Middels	Styrkast
40–49	Svakt	Styrkast
Under 40	Dårleg	Styrkast

Kva har påverknad på sentrumsattraktiviteten til Florø?



Viktige faktorar som bør styrkast:
Kollektivtilbodet
Handels- og servicetilbodet


Viktige faktorar som bør bevarast:
Jobbmoglegheiter
Kulturtilbodet

Faktorar som har ein påverknad på sentrumsattraktiviteten

- Figuren til venstre viser de faktorane som har størst påverknad på **sentrumsattraktiviteten**. Påverknadskrafta finner vi ved å lete etter mønstre i svara på spørsmåla, og sjå dei i samanheng med **sentrumsattraktiviteten**. Spørsmålet er «*Det er viktig for kommunen at sentrum er attraktivt. - I kor stor grad synest du at Florø framstår som eit attraktivt sentrum i dag?*» Tolkinga er elles lik dei tidlegare figurane.
- Med en påverknadskraft på 0,22 har handels- og servicetilbodet størst effekt på kor attraktivt ein synest Florø er, dette er tilsvarande som i fjor. Inntrykket av jobbmoglegheiter har og ein relativt stor påverknadskraft på 0,13.
- Kollektivtilbodet, restaurant/uteliv og kulturtilbodet (generelt i kommunen, ikkje berre det kommunale kulturtilbodet), har omtrent lik påverknadskraft, men inntrykket av kollektivtilbodet har ein lågare skår, mot kulturtilbodets nokså gode skår. Vidare ser vi og at bustadtilbodet har ein positiv effekt på sentrumsattraktiviteten. Dei har alle ein påverknad på sentrumsattraktiviteten og ein kan ikkje forbetre berre ein faktor og neglisjere dei andre, ettersom forutsetninga i utrekninga er at dei alle påverkar kvarandre.

Gjennomsnittsskår	Tolking av resultat (skårane)	Anbefalt tiltak
80 og over	Framifrå	Bevare
70–79	Godt	Bevare
60–69	Nokså godt	Styrkast om mogleg
50–59	Middels	Styrkast
40–49	Svakt	Styrkast
Under 40	Dårleg	Styrkast

Kva har påverknad på sentrumsattraktiviteten til Måløy?



Viktige faktorar som bør styrkast:
Utdanningstilbodet
Restaurant/uteliv

Viktige faktorar som bør bevarast:
Handels- og servicetilbod


Faktorar som har ein påverknad på sentrumsattraktiviteten

- Figuren til venstre viser de faktorane som har størst påverknad på **sentrumsattraktiviteten**. Påverknadskrafta finner vi ved å lete etter mønstre i svara på spørsmåla, og sjå dei i samanheng med **sentrumsattraktiviteten**. Spørsmålet er «*Det er viktig for kommunen at sentrum er attraktivt. - I kor stor grad synest du at Måløy framstår som eit attraktivt sentrum i dag?*» Tolkinga er elles lik dei tidlegare figurane.
- Med en påverknadskraft på 0,16 har restaurant/uteliv størst effekt på kor attraktivt ein synest Måløy er. Inntrykket av handels- og servicetilbodet har og ein relativt stor påverknadskraft på 0,14.
- Moglegheita til å drive næringsverksemd, utdanningstilbodet og barne- og ungdomstilbodet, har alle ein målbar påverknad på kor attraktivt ein synest Måløy sentrum er.

Gjennomsnittsskår	Tolking av resultat (skårane)	Anbefalt tiltak
80 og over	Framifrå	Bevare
70–79	Godt	Bevare
60–69	Nokså godt	Styrkast om mogleg
50–59	Middels	Styrkast
40–49	Svakt	Styrkast
Under 40	Dårleg	Styrkast

Til- og fråflytting


Kva er dei viktigaste grunnane til at du trur du kanskje ikke kjem til å bu i Kinn om 5 år? Velg alle som passer.



- Dei som har svart at dei **ikkje** trur det er sannsynleg at dei bur i kommunen om 5 år, har fått eit oppfølgingsspørsmål på kva dei viktigaste grunnane til det er. Dei har fått opp svaralternativa ein ser til venstre, og har hatt høve til å krysse av fleire svaralternativ.
- Det er mykje variasjon i kva ein har svart på dette spørsmålet, til Helse- og omsorgstenester som éin av tre har svart, til barnehagar og skular og kulturtilbodet, som 19 % har svart. Det same var tilfelle i dei tidlegare åra og det er lite endring over tid her.
- Dei yngste har oftare svart karrieremoglegheiter. 50 % av dei under 30 som har svart at dei kanskje ikkje bur i kommunen om 5 år har svart at ein av dei viktigaste grunnane til det er karrieremoglegheiter. Andelen som svarer dette går gradvis ned med alder.
- Vi ser og at andelen som svarer karrieremoglegheiter aukar med utdanningsnivået, frå 21 % av dei med grunnskuleutdanning, til 47 % av dei med 5 år eller meir på universitetet.
- Dei som bur i Vågsøy-området, har oftare svart innbyggjaranes moglegheit til å påverke lokalsamfunnet som ein grunn (41 %), samanlikna med dei som bur i Flora-området kor 23 % svarer det same.

Til- og fråflytting

Kva er dei viktigaste grunnane til at du trur du kjem til å bu i Kinn om 5 år? Velg alle som passer.



- Dei som har svart at dei trur det er sannsynleg at dei bur i kommunen om 5 år, har fått eit oppfølgingsspørsmål på kva dei viktigaste grunnane til det er. Dei har fått opp svaralternativa ein ser til venstre, og har hatt høve til å krysse av fleire svaralternativ.
- Det er ikkje like mykje variasjon i kva ein har svart på dette spørsmålet, som på det førre spørsmålet. Dei aller fleste svarer at familie og vener er ein viktig grunn til at dei trur dei bur i kommunen om 5 år, 84 %. Det er få skilnadar mellom åra og dette så vi og i 2025 og 2024. Omtrent 6 av 10 har svart nærleik til naturen, og cirka halvparten har svart det sosiale nettverket og fast jobb som nokre av dei viktigaste grunnane til at dei trur dei vil bu i kommunen om 5 år.
- Innbyggjaranes moglegheit til å påverke lokalsamfunnet og karrieremoglegheiter er svara som færrast svarar, med 5 og 7 % som svarer dette.
- Dei i alderen 30-39 har oftare ann andre svart at barnehage er ein viktig grunn, noko dei som er tilflyttarar og har gjort det. Samanlikningsgrunnlaget er då 30-39 mot dei som ikkje er 30-39 og dei som er tilflyttarar mot dei som ikkje er det.
- Dei som er under 30 år har sjeldnare svart at det sosiale nettverket er ein viktig grunn, og dei har (saman med dei i alderen 30-39) oftare svart at karrieremoglegheiter er viktig.

Kva skal til for at ein skal bu meir sentrumsnært?

- Dette er eit nytt spørsmål i år, der ein har hatt høve til å skrive inn noko dersom ein ønskjer. Få har tatt høve til det, med berre 3 % som har svart noko i det opne tekstfeltet.
- Over halvparten svarer at det ikkje er aktuelt (52 %) og nesten halvparten (45 %) svarer at dei allereie bur i sentrum.
- Det er svært få skilnadar på dette spørsmålet, det er berre skilnadar ut i frå kva slags utdanning ein har. Dei som har grunnskule/VGS som sin høgaste fullførte utdanning har oftare svart at det ikkje er aktuelt (60 %) (og dermed sjeldnare at dei allereie bur i sentrum (38 %)). Dei med lengst utdanning, 5 år eller meir på universitet/høgskule, har oftare svart at dei alt bur i sentrum (57 %) og sjeldnare at det ikkje er aktuelt (40 %).
- Dette kan tyde at sentrum oftare er busett at dei med lengst utdanning og områda utanfor sentrum er busett av dei utan lang universitetsutdanning.
- Vi finner og ein svak samanheng med området ein bur nærmast, der dei som bur nærmare Florø oftare har svart at dei allereie bur i sentrum (48 %), medan berre 39 % av dei som svarer frå Måløy svarer at dei alt bur i sentrum.

Av dei som har svart i det opne kommentarfeltet har mange svart praktiske orsakar som kven som skal ta over huset deira, og lågare prisar/billige bustadar og tomter.

Fleire svarer aldersvenlege bustadar og bustadar for pensjonistar (til ein rimeleg pris)

Det er og fleire som problematiserer kva som ligg i sentrumsnært. «*Sentrum er ikkje kun gate 1 i Måløy. Det er og Deknepollen der en stor del av butikker og fritidstilbud ligger. Kommunen må ha bredere sentrumsfokus enn gate 1.*»

Betre kollektivtilbod, parkeringsplassar, fleire søppelspann og gatelys er fleire av dei praktiske orsakande.

Fleire er og overraska over at dette er eit uttalt mål for Kinn kommune og problematiserer at «alle» skal bu sentrumsnære.

Av dei som er positive til å flytte seier fleire at dei kunne tenke seg å flytte til eige tomt og eige hus, men nokre nemnar og større (i høgda) leilegheitsbygg, eller BOB-bustadar.

Jamt over synes det likevel å være ein overvekt av folk som ikkje eigentleg kunne tenkje seg det.

Sentio Research

Mellomila 56, 7018 Trondheim
post@sentio.no
www.sentio.no